

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Postboks 2520
6404 MOLDE

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 24/23059-4

27.11.2024

Ark.: 326.3

Svar frå Kartverket - Forslag til ny kommunegrense i sjø - Utgreiing av grensejustering mellom kommunane Stranda og Fjord - Liabygda

Vi viser til brev frå Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, datert 4.11.2024 om utgreiing av grensejustering mellom kommunane Fjord og Stranda. Statsforvaltaren ber om forslag til ny kommunegrense i sjø mellom kommunane.

Jamfør brev frå Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD), datert 25.06.2024, om same sak, skal Kartverket få høve til å uttale seg om ei eventuell grensejustering mellom kommunane før saka blir sendt over til departementet.

Bakgrunn

Statsforvaltaren mottok i desember 2023 søknad om grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune. Søknaden kom frå Liabygda vel på vegner av innbyggjarane.

Liabygda ligg på austsida av Storfjorden, og grensar til Fjord kommune på landsida.

Innbyggjarane er avhengige av ein ferjetur på eit knapt kvarter for å kome seg til kommunesenteret på andre sida av fjorden. Til dei nærmaste tettstadene i Fjord kommune, Valldal og Stordal, brukar dei om lag like lang tid, men slepp ferja

Bakgrunnen for ønsket om grensejustering er at innbyggjarane som følgje av nedgang i folketallet uroar seg for dei kommunale tilboda som er att i bygda. Både skulen og barnehagen



er allereie nedlagde, og Stranda kommune kjøper både barnehage- og skuleplassar i Fjord kommune. Vidare legg dei også vekt på at dei allereie i dag har eit utstrekt samarbeid med organisasjonar i Fjord kommune, og at dette skaper ei sterkare tilknytning til lokalsamfunna i nabokommunen enn til kommunesenteret.

Kartverket si vurdering

Kartverket si rolle i slike saker er hovudsakleg å peike på eventuelle matrikulære utfordringar knytt til forslag til nye kommunegrenseforløp.

Dagens kommunegrenseforløp går for det meste i fjell og utmark rundt Liabygda, og vil som følge av ei eventuell grensejustering endre status frå kommune- og fylkesgrense regulert av inndelingslova, til vanleg eigedomsgrense regulert av matrikkellova. Det skaper ingen matrikulære problem som må løysast før ei eventuell grensejustering blir sett i verk. Vi har derfor ingen merknader til ei eventuell grensejustering mellom desse to kommunane.

Den nye kommunegrensa vil gå omlag midtfjords frå knekkpunktet i dagens grense mellom Gamlestøa og Djupegylet og sørover i rette linjer mellom to punkt ned til eksisterande knekkpunkt mellom Uksneset og Ovråneset.

Forslaget er utrekna etter prinsippa for kommunegrenser i sjø. Grensepunkta følgjer midtlinjepriippet, og punkta som dei rette linjene går mellom skal ligge slik at det blir om lag lik avstand til land på begge sider.

Konklusjon

Kartverket har ingen merknader til ei eventuell grensejustering av Liabygda frå Stranda kommune til Fjord kommune. Den nye grensa vil gå i fjorden og er utrekna etter prinsippa for grensedraging i sjø, og går i rette linjer mellom to punkt med endepunkt i eksisterande knekkpunkt i dagens kommunegrense.

Venleg helsing

Liv Mari Nesje

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Kopi STRANDA KOMMUNE
 FJORD KOMMUNE

NOTAT

Frå: Statens kartverk Land, Grensekontoret v/TEE

Dato: 8. mars 2002

Emne: Kommunegrenser i sjø

Kopi: Aktuelle kommunar, fylkeskommunar, fylkesmenn og andre

HISTORIKK

Meir enn halvparten av kommunane i Noreg, 281 av 434, støyter til sjøen, det vil seia til fjordar eller havet. Berre eit mindre tal kommunegrenser i sjø er hittil offisielt fastsett. Av til saman ca. 542 grensestykke to og to kommunar imellom, er pr. dato 280 fastsett. Det er utarbeidd ytterlegare 233 forslag til sjøgrenser som er sende ut til høyring.

Administrasjonsgrensene byggjer i utgangspunktet på den **geistlege inndelinga** av landet. For grensene i sjø har det lagt føre få opplysningar ut over den informasjonen som kan takast ut frå eldre kart.

Likevel vart det rundt førre hundreårsskiftet utarbeidd topografiske skildringar av dei fleste kommunane i landet (heradsskildringane). Desse baserte seg på eksisterande kartverk og landmålaren si topografiske skildring av måleområda. Her er kommunen sine grenser skildra - til dels også sjøgrensene. Skildringane vart lagt fram for kommunane til fråsegn og for moglege korreksjonar. Dei er nå arkivert hjå Statens kartverk (Norges geografiske oppmåling før 1. januar 1986). Ein del av dei utsende skildringane er ikkje komne attende frå kommunane, og manglar såleis i arkivet.

Som følgje av dei sparsame opplysningane, er sjøgrensene neppe handsama med særleg merksemd under kartlegginga. Ein går såleis ut ifrå at det berre i enkelte høve har vore oppnemnt kjentmenn for slike grenser.

Det har altså i stor utstrekning vore overlata til landmålaren å teikne sjøgrensene inn på kartet under markarbeid etter meir eller mindre seriøse kjelder. Sjølv om grensene ligg slik at dei stort sett er godtekte, kan dei enkelte gonger vera teikna noko tilfeldig, og det ligg altså ikkje føre nokon direkte heimel for innteikninga. I tillegg kan ein seia at grunnlaget er svakare dess lenger ut i havet grensene er trekt opp.

TRONG

Med tanke på auka aktivitet i sjøområda, til dømes akvakultur som fiske- og skjeloppdrett, og den planlegginga kommunane skal drive i kystsona, blant anna **kommuneplanlegging** og ved oppretting av **hamnedistrikt**¹⁾, er det no naudsynt med betre definerte grenser. For kartleggjingsføremål er det og viktig at ein har faste, koordinatfesta kommunegrenser i sjøen, slik at desse ikkje vert teikna inn etter skjøn og dermed noko ulikt ved kvar einaste utarbeiding av nye kart.

Når ein no legg fram forslag til fylkes- og kommunegrenser i sjø, har dette i fyrste rekkje til føremål å koma fram til ei klart definert grense som er godteke av dei tilstøytande kommunane. Ein tek og sikte på å få grensa offisielt fastsett etter at framlegget til grense i sjøen er ferdig handsama.

PRINSIPP

På karta til Statens kartverk er grensene vanlegvis lagt midtfjords, utan omsyn til djupner, når kommunane ligg på kvar si side av ein fjord eller eit sund. Dette **midtfjordsprinsippet** eller **midtfjordslina** om ein vil, har i fyrste rekkje til føremål å leggje alt land, øyar og skjer medteke, til den kommunen der grunnen er matrikkelført. Sjølve presentasjonen av grenselina er ikkje eksakt i den forstand at ho er undergjevne ein viss porsjon skjøn og grafisk bearbeiding (personavhengig).

Midtlineprinsippet er ei generalisering av midtfjordslina, og går ut på at grensepunkta vert eintydig definerte som eit punkt, vanlegvis midtpunktet, i profilet på rettlinja mellom definerte punktpar på land på kvar side av fjorden. Sjølve grenselina vert i sin tur trekt opp som rette linestykke mellom dei da framkomne grensepunkta. Dette prinsippet vart følgt ved fastsetjing av riksgrensa mellom Noreg og Sverige i Iddefjorden ved kongeleg resolusjon av 15. mars 1904.

Ved dei fleste tidlegare **fastsetjingane** av administrasjonsgrenser i sjøen, har ein teke utgangspunkt i det ein har kalla for det **geometriske prinsipp**. Dette medfører at kvart punkt på grensa skal liggja slik at **kortaste avstand til land vert den same på både sider**. Med land meiner ein i denne samanheng punkt både på fastlandet og på øyar, holmar og skjer, som ikkje stadig vert skylt over av havet. Lina gjennom alle punkt som då vert danna, kan og kallast for ei **matematisk midtline**. Prinsippet vart mellom anna lagt til grunn ved fastsetjing av riksgrensa mot Sverige ved Grisebåene, ved skiltsdom i Haag av 23. oktober 1909, og delelina mellom det norske og finske (no russiske) sjøterritorium i Varangerfjorden utanfor Jakobselva si munning ved konvensjon av 28. april 1934. Som eit siste døme kan nemnast grensa over Siregrunnen mellom herada Hidra (no Flekkefjord) i Vest-Agder og Sokndal i Rogaland, fastsett i kongeleg resolusjon 24. mars 1934.

Av andre prinsipp kan nemnast **djupålar , renner og senkingar i havbotnen**, i samsvar med vassdragslova sine §§ 2 og 3 om grenser i vassdrag. Dette føreset nøyaktige og tette loddingar av djupne og målingar av posisjon for å kunne brukast som grenseline. Prinsippet er brukt i Tanavassdraget og Grense Jakobselv som riksgrense mot høvesvis Finland og Russland. Ei ulempe er at slike grenser kan forandra seg over tid, spesielt gjeld dette elver og vassdrag og i mindre grad tilhøva i sjøen.

Før nyare kartlegging har teke til, har Kartverket gjort kommunen merksam på at grensene i sjø vert lagt etter desse prinsippa og ein har sjeldan fått kommentarar til dette.

PRAKSIS ELLES

Når kommunane ligg på same landet, det vil seia på same sida av ein fjord eller eit sund, er grensa mellom dei lagt tilnærma vinkelrett på kysten/strandlina si hovudretning. Dette følgjer av det geometriske prinsipp når sjøen/fjorden er utan skjergard.

Ved innteikning av sjøgrenser på kart, har ein altså fyrst og fremst søkt å synleggjere i kva kommune tørt land, inkludert øyar og skjer, er matrikkelført. Grensene gjev likevel ikkje uttrykk for eksakt fordeling av sjøareala kommunane imellom.

Grenser etter det **geometriske prinsippet vert ofte svært kronglete og upraktiske** i bruk. Ved endelege forslag har ein difor gjort ei **generalisering/harmonisering** og trekt grensene i **rette liner**²⁾ mellom eit fåtal punkt i sjøen. Punkta er valde slik at det arealet ein kommune gjev bort i høve til den geometriske lina på ein stad, skal han om mogleg få att ein annan stad. Det er ikkje søkt å redusera talet på brytningspunkt til eit absolutt minimum. Avvika mellom utretta line og den verkelege midtlina bør vera minst mogleg. Ingen stad bør grensa liggja nærare land enn 1/3 av breidda på fjorden.

Når det gjeld definisjonen av uttrykket ”**næraste tørre punkt på land**”, går ein ut ifrå at intensjonen opprinnelig **ekskluderer menneskeskapte byggverk**. Døme på slike byggverk kan vera **moloar, kaianlegg og bryggjer**, samt **lykter** og **sjømerke** bygd på undervasskjær slik at berre sjølve konstruksjonen ligg over lågvatn. I nokre høve kan det likevel vera aktuelt å bruka menneskeskapte landpunkt ved fastlegging av midtlina.

Når det vert brukt kartgrunnlag frå kartserien NOREG 1:50000, ser ein i regelen bort frå punkt avlagt som baa (i vassflata) og turrfallsområde. Båar har ofte usikker plassering da dei er henta frå eldre sjøkart. Avgrensinga av turrfallsområde kan og vera usikker. Det er derfor dei minste, synlege skjera med eigen kystkontur som vert brukt ved konstruksjon av midtliner.

Punkt der tre eller fleire kommunar støyter saman, ønskjer ein ikkje å justera; dvs. punktet skal liggje der som midtlinene krysser kvarandre. Dei resterande utvalde punkta vert vanlegvis lagt på eller nærast mogleg midtlina.

Punkt på territorialgrensa er rekna med **plan avstand**³⁾ lik 7420 m utanfor grunnlina. Sjølve grunnlina er da og oppfatta som rette linestykke i kartplanet.

UNNATAK

I særskilde høve kan det vere aktuelt å vike frå det geometriske prinsippet. Døme på dette kan vere følgjande:

- **Djupner:** langs den eine sida av ein fjord kan det liggje større grunnar der djupnene er så småe at dei vil kunne hindra til dømes skipsfart. Då kan det vere naturleg å la grensa tilnærma følgje djupålen i fjorden i staden for midtlina.
- **Innsnevra /stengt korridor:** midtlinene kan bli liggjande slik at dei fysisk skil ein del av kommunen (dvs. deler han i to) eller skjer av tilgangen til det opne hav. Då må ein vurdere å opne ein høveleg brei korridor ut fjorden.

- **Utelating av skjær:** enkelte gonger kan det vere naudsynt å sjå bort ifrå mindre holmar/skjær ved fastlegging av midtlina, då det elles vil medføre ei "unaturleg/urimeleg" grense. Dette gjeld særleg små skjær som ligg i nærleiken av midtlina i ein fjord når ein ser bort ifrå skjæret sjølv.
- **Nes eller odde:** der grensa går frå land til sjø på eit nes eller ein odde, kan ofte kysten si hovudretning over ei litt lengre strekning gje eit betre utgangspunkt for grensetrekkinga og ei rimelegare fordeling av sjøområda mellom kommunane, enn ved berre å sjå på den aller næraste kystlina.
- **Mellom grunnline og territorialgrense:** her vert grensa i regelen lagt normalt på grunnlina. Dersom grunnlina vert oppfatta som kysten si hovudretning, er ei slik grensedraging i tråd med det geometriske prinsipp. I dei få tilfelle ei sjøgrense går gjennom sjølv grunnlinepunktet, vert det praktisert å leggja grensa vidare utover langs halveringslina av brytningsvinkelen i grunnlinepunktet.

Som ein forstår må det alltid vere ein viss opning for bruk av skjøn i vurderingane når ein lagar framlegg til grenser i sjøen! Det finst sjeldan nokon fasit.

GRUNNLINER

Grunnlinene langs kysten av Noreg er rette liner mellom punkt på dei ytste nes og skjær som stikk opp over havet ved lågvatn (fjøre). For strekninga frå grensa mot Russland til Træna i Nordland vart punkta fastsett ved kongeleg resolusjon av 12. juli 1935. For resten av kysten vart punkta fastsett ved kongeleg resolusjon av 18. juli 1952 (punkta 50, 95 og 113 vart korrigererte ved kongeleg resolusjon av 17. oktober 1952). Totalt er det 123 grunnlinepunkt.

Grunnlinene dannar utgangspunkt for blant anna **territorialgrensa** som går parallelt med grunnlinene i avstand ei **geografisk mil** = $\frac{1}{15}$ lengdegrad ved ekvator (7420 meter). Ei **nautisk mil** (kvartmil) svarar til omtrent den gjennomsnittlege lengda av eit breiddeminutt (ved 45° nordleg breidde), dvs. $\frac{1}{60}$ breiddegrad (1852 meter). Det vert dermed ein skilnad på 12 meter mellom 4-milsgrensa (nautiske) og territorialgrensa.

Etter vanleg oppfatning vil sjøområda for dei ytste kystkommunane strekkje seg ut til territorialgrensa. Dette tyder at ein del kommunegrenser (for alle kommunar med opning ut til havet) skal trekkjast ut til denne.

Når Kartverket nå set fram **forslag til kommune- og fylkesgrenser i sjøen**, følgjer ein **det geometriske prinsipp** med den tillempling som nemnt ovanfor, fram til grunnlina. Utanfor, det vil seie **mellom grunnline og territorialgrense, trekkjer ein vanlegvis grenseforslaget vinkelrett på desse**, da båe er eit uttrykk for kysten si hovudretning.

Med tanke på kommunegrenser som går ut til territorialgrensa, skal nemnast at grunnlina som i dag vert vist på hovudkartserien (NOREG 1:50 000 eller M711-serien), er revidert i høve til tidlegare fastsett grunnline utan at den nye hittil har fått offisiell status. Revisjonen går ut på at grunnlinepunktene er koordinatrekna på basis av nyare feltmålingar (avstands- og retningsmålingar som knyter grunnlina til det landbaserte fastmerkenettet) utført av Kartverket i åra 1976-89. Det vart i mai 1997 utarbeidd tre forslag til ny grunnline. Dette fordi nokre av dei eldre grunnlinepunktene ikkje tilfredsstilte krava som vert stilt til eit grunnlinepunkt (var for låge), men og fordi det vart påvist nokre nye punkt som kunne godkjennast som grunnlinepunkt i følgje definisjonen. Statens kartverk gjekk då inn for eit forslag der talet på grunnlinepunkt vart redusert til 82, idet ein godtok lengre strekkingar mellom nabopunkta i Sør-Noreg, tilsvarande det som frå før var brukt i Nord-Noreg. Inntil Utanriksdepartementet har fatta si avgjerd, vil Kartverket v/Grensekontoret halda seg til **dei offisielle grunnlinepunktene** (dei 123 opphavlege med nokre nye samt enkelte utelate), men bruka **nye, uoffisielle koordinatar**. Dei eldre posisjonane er tekne ut frå kart som i seg sjølv kunne vere nokså unøyaktige, men det er og blitt påført større systematiske avvik som skuldast trua om at dei oppgjevne breidde- og lengdegradar var i Europeisk Datum 1950 (sidan resolusjonen kom i 1952 og geodetisk datum ikkje var gjevne opp i originalmaterialet). Ut frå tilsendte kopiar av originalkarta, kunne ein ved nærare undersøking konstatere at karta likevel var i det gamle norske datumet!

I samband med justering av grunnlina, vert det vurdert å gå over til ny territorialgrense på 12 nautiske mil (22224 m) utanfor grunnlina, da denne er mykje nytta internasjonalt. Territorialgrensa vil då falla saman med fiskerigrensa som gjeld no.

Ein eventuell seinare revisjon vil ikkje endre på dei prinsippa vi følgjer ved framsetting av forslag til grenser i sjø. Oppgjevne retningar og koordinatar for grensepunkt innanfor grunnlina er endelege når kommunegrensa er fastsett. **Koordinatane for grensepunkta i grunnline og territorialgrense føreset ein derimot å kunne endra utan at vedkomande grensesak vert teke opp på ny.**

HIMMELRETNINGAR

I sjølve skildringa av grensa, vert himmelretningane oppgjevne i høve til ei 32-delt skive. Vinkelavvik mellom to naboretningar vert da $400/32 = 12,5$ gon. Det vil med andre ord seia at maksimal avrunding vert 6,25 gon. Hovudretningane vert skrivne med versalar, og nord vert orientert mot rutenettsnord. I mellomretningar finst ein liten **t** som tyder **til**. Følgjande retningar vert brukte (retningsintervall i gon):

N = nord (393,75 ^g -6,25 ^g)	S = sør (193,75 ^g -206,25 ^g)
NtA = nord til aust (6,25 ^g -18,75 ^g)	StV = sør til vest (206,25 ^g -218,75 ^g)
NNA = nord-nordaust (18,75 ^g -31,25 ^g)	SSV = sør-sørvest (218,75 ^g -231,25 ^g)
NAtN = nordaust til nord (31,25 ^g -43,75 ^g)	SVtS = sørvest til sør (231,25 ^g -243,75 ^g)
NA = nordaust (43,75 ^g -56,25 ^g)	SV = sørvest (243,75 ^g -256,25 ^g)
NAtA = nordaust til aust (56,25 ^g -68,75 ^g)	SVtV = sørvest til vest (256,25 ^g -268,75 ^g)
ANA = aust-nordaust (68,75 ^g -81,25 ^g)	VSV = vest-sørvest (268,75 ^g -281,25 ^g)
AtN = aust til nord (81,25 ^g -93,75 ^g)	VtS = vest til sør (281,25 ^g -293,75 ^g)
A = aust (93,75 ^g -106,25 ^g)	V = vest (293,75 ^g -306,25 ^g)
AtS = aust til sør (106,25 ^g -118,75 ^g)	VtN = vest til nord (306,25 ^g -318,75 ^g)
ASA = aust-søraust (118,75 ^g -131,25 ^g)	VNV = vest-nordvest (318,75 ^g -331,25 ^g)
SAtA = søraust til aust (131,25 ^g -143,75 ^g)	NVtV = nordvest til vest (331,25 ^g -343,75 ^g)
SA = søraust (143,75 ^g -156,25 ^g)	NV = nordvest (343,75 ^g -356,25 ^g)
SAtS = søraust til sør (156,25 ^g -168,75 ^g)	NVtN = nordvest til nord (356,25 ^g -368,75 ^g)
SSA = sør-søraust (168,75 ^g -181,25 ^g)	NNV = nord-nordvest (368,75 ^g -381,25 ^g)
StA = sør til aust (181,25 ^g -193,75 ^g)	NtV = nord til vest (381,25 ^g -393,75 ^g)

Litteratur: NORGES INNDELINGSGRENSER OG DERES AVLEGNING PÅ NORGES GEOGRAFISKE OPMÅLINGS KARTER

Major Per Tang, Grøndahl & Søns boktrykkeri, Oslo 1936

NOU 1988:16 Eigedomsgrenser og administrative inndelingsgrenser

Fotnotar:

- 1) Jf. Rundskriv nr. 7595/85 frå Fiskeridepartementet av 3. oktober 1985.
- 2) I forslag til grenseskildring vert det sagt at grensa går i rette liner mellom nummererte punkt. I den samanhang gjer ein merksam på at omgrepet "rett line" ikkje er eintydig, men kan vere:
 - a. Ei **geodetisk line** - den kortaste vegen mellom to punkt langs jordellipsoida, jf. storsirkelboge/vertikalsnittboge på jordkula (tilnærma).
 - b. Ein **loxodrom** - ei line som skjær alle meridianane med ein gjeven vinkel, dvs. konstant asimut. Vert avbilda som rette liner i Mercators projeksjon, jf. sjøkarta, og er enkle å navigera etter, men er ikkje den kortaste ruta mellom to punkt (loxodromen mellom England og New York er ca. 220 km lengre enn den geodetiske lina!).
 - c. Ei **rett line** i den brukte kartprojeksjonen, dvs. i kartplanet.I samband med fremjing av forslag til grenser i sjø, brukar Statens kartverk v/Grensekantoret uttrykket **rett line** i samsvar med punkt 2c. nemnt ovanfor.
- 3) Med **plan avstand** meiner ein avstand målt i sjølve kartplanet, dvs. avstandar utrekna frå punkta sine plane koordinatar.

.HODE
..TEGNSETT UTF-8
..TRANSPAR
...KOORDSYS 22
...ORIGO-NØ 0 0
...ENHET 0.001
..OMRÅDE
...MIN-NØ 6907000 391000
...MAX-NØ 6913000 400000
..SOSI-VERSJON 4.50
..SOSI-NIVÅ 3
.KURVE 1:
..OBJTYPE Kommunegrense
..IDENT
...NAVNEROM "Forslag til ny sjøgrense mellom Fjord og Stranda, Liabygda
til Fjord!"
..NØH
6913377447 393269130 0 ...PNR "1-eksisterende, lik punkt 4 Stordal-
Stranda, N483380 Y46000 Møre akse 1" ...KP 1
..NØH
6912240000 393440000 0 ...PNR "2-nytt"
..NØH
6909150000 395670000 0 ...PNR "3-nytt"
..NØH
6908400000 398090000 0 ...PNR "4-eksisterende, lik punkt 3 Norddal-
Stranda" ...KP 1
.SLUTT